

# LÅT O'S LINK

Nummer 4  
November 2007  
Årgang 17



*Kåra til «Folkemusikkartist 2007», Hallgrim Hansegård.  
Foto: Sigmund Krøvel-Velle.*

- **Daddelkonfekt til jul**
- **Heidra Hallgrim**
- **Kupp i Rff**
- **LfS traskar vidare**
- **Nyårsfest på tuné**
- **Bjørn og dompapen**

# KORTE DAGAR

Dagane er så korte at ein knapt rekk å myse mot morgonlyset før det er borte att. Og arbeidsmengda står slett ikkje i forhold til lengda på dagen. Urettferdig. Men litt godt også, med desse oppgåvene som alltid ligg der, som krev at du slenger beina ut av senga kvar morgon i staden for å gå i dvale.

I fyrste leiaren min skreiv eg at vi skal satse på lokallaga. Somme har spurt meg om lokallaga har gått i dvale for godt.

– Nei då, svarar eg. – Ikkje for godt.

Men etter leiarmøtet i oktober kom det med nokre unnatak mangt eit hjartesukk. Nokre lag har tilnærma ingen aktivitet. Nokre lag har ikkje hatt årsmøte enno. Nokre lag har ikkje fungerande styre. Nokre lag vurderer å leggje ned.

I førre Låt o' Link vart det reist spørsmål om kor vidt vi treng alle lokallaga eller om ein bør leggje dei ned fyrst som sist. Eg synest laga skal gjera dette spørsmålet til skamme. I staden for å svartmåle bør vi hugse at mange distrikt ser nett til Valdres og lurar på kva suksessformelen vår er.

Å satse på lokallaga krev også at laga sjølve må nyorientere seg i landskapet. Kanskje må dei definere oppgåvene og funksjonen sin på nytt. Kva slags oppgaver er det som krev lokallaga? Har kommunen putta ungane og instrumenta og heile opplæringa i den kulturelle skulesekken, slengt den på ryggen og stukke til skogs? Sit moder lokallag att og vrid hendene sine og veit ikkje si arme råd, eller har ho smelt att døra og grave seg ned under fellen?

Ungane er der, ute i skogen, dei leiker og lærer og spelar i hop. Og når dei kjem tilbake til kvelds, er det viktig at lokallaget tek vare på dei og følgjer dei opp.

Samarbeid er eit viktig stikkord. Samarbeid laga imellom og samarbeid med andre aktørar, ikkje minst kulturskulen.

Diskusjon er eit anna stikkord. Korleis vil vi til dømes at lokalkappleiken skal vera? På diskusjonsforum i haust kom det fram mange gode synspunkt som viser at engasjementet er gløddande.

Vi går jula i møte. Snart snur sola, og dagane blir lengre. I jula håpar eg det blir mange gode grendefestar, mange lystelege lag i regi av lokallaga. Og eg håpar så mange som muleg finn vegen til Herangtunet på nyttårsaftan. At vi kan skyte det nye året inn i lag, brette opp oppemane og gå nye oppgaver i møte i 2008. For det *er* nok oppgaver som krev oss, heldigvis!

God advent! God jul! Og godt nytt år!

Helsing Alice Gudheim

Låt o' Link er eit frittstående folkemusikktidsskrift og meldingsblad for Valdres folkemusikklag.

Redaksjon for Låt o' Link: Aud Søyland, Knut Aastad Bråten og Ole Aastad Bråten.

Formgjeving: Nils Leine. Trykk: Solveig Hårdnes. Opplag: 400

Ta gjerne kontakt med redaksjonen på tlf. 990 37 584 eller på e-post: [aud.soyland@bbnett.no](mailto:aud.soyland@bbnett.no)

## 250 000 rett i lomma

Den nye folkemusikkordninga i Valdres gjev til salt i grauten. Pengane frå andre tildelingsrunde i 2007 vart fordelte på ti prosjekt. Nyskapinga Valdres Folkerockband stikk av med største potten på 50 000 kroner.

### *Treårig plan*

I 2007 vart Regionrådet i Valdres og Valdresmusea AS einige om ei avtale som skulle sikre økonomiske tilskott til profesjonelle folkemusikarar og -dansarar i Valdres. Tilskottet gjeld som produksjonstøtte til einskildpersonar eller grupper som dansar, spelar eller syng i valdrestradisjon.

Ordninga skal sikre rekruttering til folkemusikk og folkedans i Valdres. Tiltak retta mot born og unge blir prioriterte. Det skal leggjast vekt på mangfald og kvalitet. Det er og mogleg å søke om midlar til produksjonar som er retta mot reiseliv og andre målgrupper. Prosjektet er treårig og har ei årleg ramme på 250 000 kroner, finansiert gjennom tilskott frå Oppland fylkeskommune, kommunane i Valdres og eit fond. Valdresmusea er sett til å forvalte ordninga.

### *Slik vart fordelinga i 2007:*

**Jan Beitohaugen Granli:** «Spel med Jan», 25 000 kroner.

**Stian Roland:** «Jakta på eit folkeleg uttrykk i dans», 25 000 kroner.

**Nord-Aurdal kulturskole:** «Ola frå Volbu» og «Dans og spel med Ola», 45 000 kroner.

**Soveig Hårdnes og Martin Myhr:** «Møte», 10 000 kroner.

**Jørn Hilme-stemnet:** «Valdres Folkrock band», 50 000 kroner.

**Hallgrim Hansegård og Ragnhild Hemsing:** «YR», 10 000 kroner.

**Marit Karlberg og Anders Erik Røine:** «Fattigmann», 30 000 kroner.

**Bente Midtsveen og Ingunn Bjørgo:** 40 000 kroner.

**Anders Erik Røine:** 15 000 kroner.

## HALLGRIM VART ÅRETS FOLKEMUSIKKARTIST



*Hallgrim i finstasen.*

*Foto: TV Norge*

Låt o' Link-lesarane har nok fått med seg at lausdansaren Hallgrim Hansegård frå Røgne og Valdres vart kåra til Årets folkemusikkartist på Folkelarm.

Det er vel ingen i Folkemusikk-Valdres som blir overraska over det, men redaksjonen tek likevel med grunngjevinga:

«Denne utmerkinga får han av di han på ein heilt unik måte har greidd å setje dansen, og då spesielt lausdansen, inn i ei ny og ukonvensjonell ramme. For medan folkemusikken dei seinare åra har opplevd ei omfattande modernisering og fornying, har folkedansen på mange måtar blitt hangande etter. Hallgrim Hansegård har tatt tak i den tradisjonelle lausdansen og sett denne inn i nye og utfordrande samanhengar. Dette har han gjort både gjennom møte med andre danseformer og i form av tilnærming til andre kunstuttrykk. Gjennom ei rekkje framsyningar,

*Framhald på neste side*

## *Hallgrim vart Årets folkemusikkartist*

*framhald frå side 3*

bestillingsverk m.m. har Hallgrim Hansegård sett på lausdansen med nye augo, han har tatt i bruk scenografi og koreografi, brukt video, live elektronisk visualisering osv. og samarbeidd med ei rekkje dansarar og musikarar, også frå andre sjangrar enn folkemusikken. Denne moderniseringa har utan tvil vore med på å gje tradisjonsdansen og den tilhøyrande musikken auka merksemd. At Hallgrim Hansegård også meistrar den tradisjonelle lausdansen til fulle, var årets 3. plass i A-klassa på Landskappleiken eit godt prov på.

I løpet av året som har gått, har Hallgrim Hansegård vore involvert i ei rekkje framsyningar og framføringar, både som kreativ skapar og aktiv utøvar – det er nok å nemne Peer Gynt- oppsettingane i Kairo og New York, diverse bestillingsverk og opptredenar på eit knippe festivalar her heime og eit danseprosjekt i Zimbabwe. Han har ofte vore i media og er også på den måten med på å gje tradisjonsdansen og folkemusikken større merksemd.»

Låt o' Link gratulerer!

## **SNORTHEIM-MARKERING PÅ VALDRES FOLKEMUSEUM**

Olav Snortheim (1911–1989) frå Vestre Slidre og Gudbrandsdalen er eit velkjent namn i norsk folkemusikk. Vestreslidringen var i si samtid rekna som den fremste langeleikspelaren i landet. Fredag 12. september vart go'leiken og ei mengd papirmateriale og lydbandopptak etter langeleikspelaren gjeve i gåve til Valdres Folkemuseum av etterkomarane til Olav.

– Bruk langeleiken og arkivmaterialet til inspirasjon, sa Ranveig Snortheim på vegner av familien i tala til dei nye eigarane. Elisabeth Kværne ved museet takka for den flotte gåva.

– Olav var ein sterk formidlar. Han ville noko med musikken sin og tok instrumentet på alvor, fortalde ho og forsikra at materialet vil bli passa godt på.

Olav Snortheim var ein kulturberar av dei sjeldne. I tillegg til ei mengd konsertar i inn- og utland heldt Olav

Snortheim ei rekkje foredrag og radioprogram i NRK. Olav var flink til å bringe lyttarane til kjernen i musikken. Gjennom forteljing gjorde han musikken levande og nær, vart det sagt. I tillegg til god formidlingsevne var det spelestilen som gjorde Olav berømt. Med dobbel melodistreng i tillegg til eit avansert plekterslag er han framleis noko å strekkje seg etter for dei fleste spelarane i dag.



*Snortheim kom heim. Foto: Knut Aastad Bråten.*

# NYTT FRÅ LANDSLAGET FOR SPELEMENN

Landslaget for Spelemenn hadde nyleg årsmøte i Bærum. I tillegg til Spelemannsbladet deltok også magasinet Låt o' Link på møtet.



*Årsmøteopprør i LfS. Foto: Knut Aastad Bråten.*

sjå nærmare på saka. Elles var årsmøtet utan gneist og elde – som tidlegare årsmøte. Det store stridstemaet som organisasjonsform vart galant oversett til fordel for poengsummar og atter poengsummar. LfS bør i framtida arbeide for å gjere årsmøtet interessant og aktuelt. Poengsummar er flisespikkeri og høyrer ikkje heime på eit årsmøte. Ærleg tala!

Elles har Landslaget for Spelemenn og Norsk Folkemusikk- og Danselag skrivt eit felles brev til Kulturdepartementet der ein ber om at departementet tar eit initiativ til og løyver pengar til ei utgreiing om organiseringa av den utøvande delen av folkemusikksektoren. Det er tydelegvis no eit breitt og ope ynske om å sjå på heile organiseringa. Dette representerer eit klart klimaskifte i forhold til dei signala som har vore gitt tidlegare. Låt o' Link ynskjer sentralleddet lykke til med arbeidet!

## *Frist for stoff til Låt o' Link 2008*

1/2008: 30. januar

2/2008: 30. april

3/2008: 15. september

4/2008: 15. november

Fristen for stoff til neste nummer kan bli justerte noko, ut frå aktuelle hendingar. Bladet kjem til lesarane om lag ei veke etter stoff-fristen.


## HOVUDROLLA PÅ PLOSS

Det har vore stor spenning om kven som skal spele den kvinnelege hovudrolla i friluftsspelet *Sol av Isfolket*. No er draumedama på plass, Heidi Ruud Ellingsen. Ho er 22 år gamal og kjem frå Narvik. Heidi vann i første veke konkurransen Drømmerollen på NRK og fekk dermed

hovudrolla i musikalen *Singing in the Rain*. Her skal ho spele saman med Kåre Conradi.

Fredag 23. november var det storslegen pressekonferanse på Det Norske Teatret i Oslo. Ordføraren i Nord-Aurdal kommune, Helge Halvorsen, leidde seansen. Her vrimla det av kjente skodespelarar og hovudpersonen sjølv, Margit Sandemo. Ho legg ikkje skjul på at ho er stolt og glad for at Sagaen om Isfolket no kjem i teaterform.

Det blir arbeidd på heilspreng med *Sol av Isfolket*. Sponsorkontraktar, sikring av rettar, søknadsskriving og langsiktige avtaler med regionen og fylket er nokre av arbeidsoppgåvene. Ny i Team Isfolket er Bjørg Veisten, tidlegare kulturkonsulent i Valdres natur- og kulturpark. Bjørg har lang fartstid frå leiande stillingar i fleire departement og direktorat, og har god kjennskap til sal av produkt og tenester i ein global marknad.



*Heidi spelar Silje.*

*Foto: Hege Bakken Riise.*

## BYGGING I APRIL

I april snur gravemaskinkjeften opp ned på torva på museet. No blir det nybygg. Direktør Torveig Dahl har grunn til å smile, for friske Ap-pengar frå departementet sikra i sommar fullfinansiering av museumsbygget. Valdres folkemusikklag gav i si tid 150 000 kroner til museet med ynske om at nybygget fekk eit høveleg dansegolv. Men teikningane frå 2003 syner dansesalen som eit kaldisolert overbygd vrimleområde. Her skal dansekåte valdrisar halde hus, og sanneleg lyt det bli dans om ein skal halde varmen. Låt o' Link er av den formeining at utan regelmessig fyring vil vrimleområdet vere ueigna vinterstid.

Det kan sjå ut til at 150 000 går med i det store dragsuget utan at Valdres folkemusikklag får nemneverdig valuta for pengane.

Red. - Lagemakken

### **HARDINGFELE TIL LEIGE**

Vårflaumen har no ei hardingfele, full størrelse, inne til utleige for medlemmer.

Knut Opheimsbakken, tlf. 61 36 55 68

## KUPP I RFF?

Representantskapsmøtet i Rådet for folkemusikk og folkedans gjekk av stabelen 20.–21. oktober i år. Einaste drama under møtet var då valnemnda la fram framlegget om nye medlemmer i Rådet. Dei store utøvarorganisasjonane kuppa rett og slett Rådet med å velje seg sjølv inn i dei mest sentrale posisjonane i Rådet. Lene Furuli frå Norsk Folkemusikk- og Danselag, som sjølv sat i valnemnda, vart vald til leiar. Magnar Sundt, frå Landslaget for Spelemenn, vart nestleiar, medan Marit Jacobsen frå NU vart styremedlem. Sjølv om valet gjekk glatt igjennom, har Låt o' Link-redaksjonen i ettertid motteke fleire fortvila skriv frå folkemusikkmiljøet.

– Utøvarorganisasjonane må hugse på at dei representerer det breie folkemusikkmiljøet, ikkje berre seg sjølve, seier ein sentral aktør i miljøet, som av diverse årsaker ikkje vil stå fram med namn og adresse.



*Lene Furuli leiar i Rff. Foto: Knut Aastad Bråten*

## RIKSSCENEN POSISJONERER SEG

Den nasjonale Riksscenen for norsk og samisk folkemusikk og folkedans, og dessutan folkemusikk og folkedans med utanlandsk opphav, er i kjømda. Mykje arbeid er lagt ned i åra som har gått. Eige styre, styreleiar og dagleg leiar er på plass. No gjenstår berre ei storstove for folket og musikken. Som mange har fått med seg, er institusjonen Riksscenen alt i gang med arbeidet. Fleire konsertar blir i desse dagar sende land og strand rundt i regi av nettopp Riksscenen.

Fram til no har Folkemusikkscena arbeidd med å spreie musikk til grisgrendte strok. Scena har såleis vore eit viktig demokratiseringsprosjekt for det norske folket. Mange spør seg difor om Riksscenen er i ferd med å skvise ut Folkemusikkscena og okkupere marknaden og konsertane for seg sjølv. Som mange veit, har Folkemusikkscena knapt med konsertar denne hausten. Berre to konsertar har farta på dei norske landevegane. Folkemusikkscena har i fleire år vore sjølve flaggskipet til Landslaget for Spelemenn. Er flaggskipet i ferd med å søkke på havsens botn? Kva gjer Landslaget for Spelemenn for å ta vare på Folkemusikkscena? Ja, vi berre spør!



## LENGRE PRIMSTAV PÅ NETTET!

Sjå [www.valdresfolkemusikklag.no](http://www.valdresfolkemusikklag.no) – der finn du det som skjer i Folkemusikk-Valdres. Har laget ditt eit arrangement? Gi beskjed til Solveig på [post@valdresfolkemusikklag.no](mailto:post@valdresfolkemusikklag.no), så legg ho det inn er.

## HEMSINGSYSTRENE TIL ETNEDAL

Onsdag 12. desember kjem dei verdsberømte Hemsing-systrene til Bruflat kyrkje. Her skal dei halde konsert saman med veslebror sin, Andris, og pianist Gunnar Flagstad.

Det er det vitale kulturkontoret i Etnedal som har tinga jentene, og kommunen er ikkje i tvil: brød og sirkus i verdsklasse *lyt* til om ein skal halde ut den harde og hektiske førjulsstrida.

Billettar kan du tinge på kulturkontoret på Bruflat. Telefon: 61 12 13 00.

## NYTTÅRSFEST I VALDRES

*Storst! Best! Og definitivt lengst!*

Tradisjonen tru skipar Øystre Slidre spel og dansarlag til storstilt låvefest på bygdatunet i Heggnes.

Har du ein rakfisk eller ei kranskekake til overs? Ta med deg ein godbit, så lagar vi årets siste herremåltid saman!

Etter bordsete og ei danseøkt fyrar me opp bålet og skyt det nye året inn. Ølbollen går runda si, og varme klemmar blir utveksla.

Danselåte skal lyde heile natta, til siste dansar stuper og spelemannen sklir av stolen utpå nyåret ein gong.

Kven treng vel å sove?

All you need is låve.

Denne festen over alle festar kostar deg ikkje meir enn 100 kroner.

Meld deg på før **20. desember** til

Ingvild: 992 95 056 / [ingvilic@yahoo.no](mailto:ingvilic@yahoo.no)

Alice: 971 81 545 / [alice\\_gudheim@hotmail.com](mailto:alice_gudheim@hotmail.com)

Dette er som sagt ein sendingsfest. Sei difor ifrå kva slags mat du tenkjer å ta med deg.

*Vellkomen!*



# PLATESLEPP MED OSCAR HAMRY, KONSERT, DANS OG RAKFISK I VESTRE SLIDRE

Tidleg på 1900-talet utvandra spelemannen Ola Reishagen frå Vestre Slidre til Minnesota. Der borte møtte han mellom anna Smedals-brørne og Gunnleik Smedal, og spelte mykje i lag med dei. Han skifta også namn, til Oscar Hamry.

I 1939–1940 gjorde den utvandra valdrisen Jøger Quale opptak med Hamry, og det vart også gjort eit lite stumfilmopptak der han spelte til dans for utvandra valdrisar. Desse opptaka kjem no ut på CD. Det er Ola Hjelle som har skaffa desse opptaka til Noreg.

**Laurdag 1. desember** blir det konsert med Synnøve Bjørset og Magne Olav Selland på Kvamshall i Vestre Slidre, og plateslepp. Etter konserten blir det både rakfiskserving og springardans etter spelemennene og gamaldans etter ei gruppe med Tom Kjetil Tørstad i spissen.

## SKARKE PÅ MUSEET

Sundag 2. desember blir det toving, kakebaking og førjulsstrid på Valdres Folkemuseum. Då er det tid for skarke, og museet veit å stelle til jul. I Flatigardsbygningen får du steike tупpo og småkako, og du får danse deg varm til felemusikk. Her blir det også basar litt utpå dagen. Vennelaget for Valdres Folkemuseum har tradisjonsrik basar med flotte premiar, dokke med utstyr, til dømes. Har du ikkje kjøpt lodd, sa du? Aud og Ole sel lodd for harde livet. Ring dersom du er huga på eit nummer (2 kroner per lodd).



*Imbrefolket kjem på skarka.  
Postkort utlånt av Nils Røgn.*

Spikking, lysestøyping, historieforteljing og teater blir det òg. Fagernes barneteater viser framsyninga *Guro Ljøseeng*, ei gripande historie om jenta som vart teken i berg imbreeftan. Sjå annonse i avisa Valdres for meir informasjon om spelet og skarke-arrangementet.

## PRAKTISK KURS I BRUK AV LYDUTSTYR

Måndag 10.12. og torsdag 13.12., begge kveldar kl 18.30–22.00

Stad: Gymsalen i gamle barneskulen på Fagernes

Instruktør: Knut Bøe


Me vil få innføring i praktisk bruk av lydustyret til Vfl.

Ta med instrument.

Kursavgift kr 100,-

**Påmelding til Magne Olav Selland, tlf. 934 19 294,**

[magneolavselland@hotmail.com](mailto:magneolavselland@hotmail.com)



# Mjølkerampa

## MIN TANKE ER FRI – VERDA SETT FRÅ STRØND

Eg er av redaksjonen i Låt o' Link vorte oppmoda om å koma med nokre betraktningar her i bladet, – om folkemusikken eller folkedansen eller katteavl eller andre viktige emne. Dette fell meg ikkje lett, då eg er ein sær sars oppteken mann. Eg veit dessutan at redaksjonen er noko sparsam med honoraret. Når eg likevel vil freiste, er det av di det elles kunne bli sagt at eg held meg for god til å skrive for eit lite og tarveleg blad, eller det vil koma andre ubehagelege betraktningar om min person.

Når det no lir til jol, er det tid for å sjå attende på året 2007. Det har vore eit gildt år. Vinteren var fin med mykje snø og rikeleg med dompap. På sumaren fekk me vel med væte, så kyrne mjølka vassblanda i fleire månader. Hausten kom, og myrene var gule av molte. Jenter og gitar sprang til skogs rett som det var.

Nei, no mjauar han Bustenskjold, hannkatten min, så då får eg gje meg for denne gongen. Men eg takkar for dette fine høvet til å dele tankane mine med lesarane av Låt o' Link. Eg let utfordringa gå vidare til ein annan djuptenkt mann, Frode Rolandsgard.

Beste helsing Bjørn Strand

### *Helsing frå redaksjonen*

Takk, Bjørn. Tankane du deler med oss, er interessante. Dei grip djupt inn i alvorlege kulturfilosofiske problemstillingar som det kan vera vanskeleg å setja ord på. Har du kommentarar til Bjørn sitt innlegg? Send ein e-post eller skriv eit brev til: Låt o' Link v/Aud Søyland, Sylvsmedvegen 44, 2920 Leira i Valdres.



*Sjå kor fint det har vorte på hytta i Lillomarka. Blant dugnadsgjengen frå Valdreslaget i Oslo: Harald Astad, Arne Bäckmark og Irene Hoberg.*

## Førjølstid på Hjelle og i TANTE galleri!



I desember har vi opent i galleriet alle dagar. Vi har tøffe, trendige og trivelege gåver i alle prisklasser laga av glasmakaren **Lars Kværne**.

**15. og 16. er det open gard frå 12.00 til 17.00. Du kan oppleve stemninga på Hjelle i tida fere jol, kjøp joletre og pyntegrønt frå Aurdalsåsen, og gjere unna jolehandelen i gardsgalleriet vårt.**

**Sjå heimesidene våre [www.hjellegard.no](http://www.hjellegard.no)**

Hjelle ligg 2 km frå Aurdal kyrkje.  
Gardsvegen vår tek av i 1. sving på Danebuvegen.

**Velkommen innom!**

## TYSK PLATEPRIS TIL ETNISK MUSIKKLUBB!

Traditionelle ethnische Musik: Abdulrahman Surizehi: Love Songs and Trance Music from Balochistan. Etnisk Musikkklubb EM17 (MDM) (2 CDs).

Me siterer: «*Wie Sie schon erfahren haben, sind Sie mit einer Produktion auf der kommenden Bestenliste 4/2007 des Preises der deutschen Schallplattenkritik e.V. vertreten. Dazu unseren herzlichen Glückwunsch!*

*Mit herzlichen Grüßen, Claudia Nelke»*

Me gratulerer Abdulrahman og Arne med prisen

## LEA DE – BYGDA DANSAR I OPPLAND I GANG!

Helga 12.–14. oktober var det klart for den fyrste helgesamlinga i Lea de. Denne helga vart for ungdommane eit kroppsleg lykkесirkus med mykje dans og moro! Rundt 20 ungdommar frå Valdres, Jevnaker, Hov i Land, Vinstra og Gjøvik kvervla rundt på golvet som menneskelige tornadoar. Laus (halling), reinlender, galopp, springar og springleik var nokre av dansane det vart arbeidd med. Prosjektleiinga kan melde om talentfulle ungdommar! Samstundes veit me at det var mange ungdommar som var opptekne med andre ting denne helga.

I skrivande stund held me på med innspurten for ei forrykande helgesamling i Valdres (23.–25. november). Her vil ungdomane mellom anna få besøk frå Grabukkadn på laurdagen, og Hallgrim Hansegård på sundagen. Dei som spelar toradar, har tilbod om speletimar med Tom Kjetil Tørstad.

### *Lokale øvingar*

Det er no i gang vekeøvingar tre stader i fylket (Fagernes, Vinstra og Gjøvik). Målet er å få til endå fleire lokale grupper rundt om i fylket i løpet av desse tre åra. Møt opp på desse!!

### *Me ynskjer oss fleire ungdommar!*

Prosjektet er enno berre så vidt i gang. På grunn av noko trong økonomi i 2007 har me berre hatt høve til å besøkje nokre fåe klasser på tre vidaregåande skular i fylket. På nyåret skal me difor rundt til fleire skular i fylket. Me ynskjer oss alltid fleire ungdommar, så me er takksame for tips om aktuelle ungdommar i alderen 15–20 år.

### *OBS!! Informasjonshelg 11.–13. januar*

Denne helga vil prosjektleiinga ta føre seg mål og tankar kring Bygda dansar. I tillegg blir det ein gjennomgang av dansematerialet i fylket på film med kommentarar. Trur me har nokre godbitar de ikkje har sett før! Dette blir ei eineståande mulighet for alle danseinteresserte, så set av helga no! Tid og stad kjem seinare!

Stian Roland

### *Bli med på å Lea de!*

12.–14. oktober var det samling på Vinstra for alle folkemusikkinteresserte. Det kom ungdommer fra ulike stader i Oppland. Oppmøtet var på ca. 20 ungdommer. Samlingen begynte fredag kveld og varte til søndag ettermiddag.

Siden oppmøtet ikke var på topp, var det lett å bli kjent med hverandre, noe som gjorde oppholdet mye hyggeligere.

Hele helgen var utrolig vellykket, morsom og lærerik. Vi danset og hadde det gøy fra vi kom til vi reiste igjen.

Å være med på slike samlinger med Lea de i fremtiden anbefales for alle ungdommer som er interesserte i folkedans og folkemusikk.

Kristina Roland

# DADDELKONFEKT

For ikkje lenge sidan var eg på joggetur saman med den kjende lausdansaren Bjørn Strand. Bjørn var litt av ein atlet i sine velmaktsdagar, og enno er han både frisk og rask i fråsparka. Dette kjem godt med i dei bratte bakkane opp mot Fodnesåsen, som er ei dei faste rutene våre. Eg og Bjørn har trena jamt og trutt dei siste seks åra, men som me alle veit, restitusjon, kvile og sunn mat mellom øktene er minst like viktig som sjølve treninga. Dette med mat er noko me har skjønt.

Som sagt var me på tur opp mot Fodnesåsen. Etter ei passeleg hard økt var det tid for – mat. Heime hjå Bjørn bur Kjersti. Ho er utdanna kokk og konditor, og denne gongen serverte ho dadlar av ypparste sort. Marsipanfylte og med eit passeleg tjukt sjokoladetrekk over. Ei lita valnøtt krona verket. Daddelkonfekten var rett og slett vedunderleg.

Dagen etter fór eg på butikken og handla inn. Her skulle det lagast julekonfekt, og resultatet vart minst like strålende. Konfekten er rett og slett så genial at eg har lyst til å dele heile daddelgleda med Låt o' Link sine lesarar. Her kjem oppskrifta.

## Du treng:

Dadlar  
Marsipan  
Mørk sjokolade  
Kvit sjokolade  
Valnøtt

## Slik gjer du det:

- Ta steinane ut av dadlane.
- Fyll dadlane med marsipan.
- Varm den mørke sjokoladen i eit vassbad (og ikkje i ein kjele på komfyren).
- Hell sjokoladen over dadlane (kan bli noko søl).
- Varm den kvite sjokoladen.
- Dekorer dadlane med kunstnariske kvite sjokoladestripar (gjer det slik det passar deg).
- Legg valnøtt på toppen.



*Luksuskonfekt for deg med god smak.*

*Foto: Anne Marie Aastad Bråten.*

Lukke til!

Ole Aastad Bråten

## *Nettsidene*

Fylg med på nettsidene til Valdres folkemusikklag

[www.valdresfolkemusikklag.no](http://www.valdresfolkemusikklag.no)

Send gjerne aktuelt stoff som me kan legge ut på sidene.

## Landbruksforsikring

Vi kan ordne alle forsikringar for gardbrukarar,

- Bolighus
- Driftsbygningar
- Løsøre
- Husdyr
- Traktorar
- Ulykke

Ta kontakt med din lokale sparebank eller Torbjørn Langødegård ved vårt felles salgs kontor på Fagernes



## Private forsikringar

Vi kan ordne alle forsikringar for privatkunder

- Bolighus
- Biler
- Fritidseiendommer
- Motorsykkel / moped
- Reiseforsikring
- Verdigenstandar

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgs kontor på Fagernes

## Livsforsikring

Vi kan dekke alle dine behov for forsikring av liv og helse

- Død
- Uførekapital
- Uførepensjon
- Operasjonsforsikring
- Kritisk sjukdom
- Barneforsikring

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgs kontor på Fagernes



**Etnedal Sparebank** – tlf. 61121500 – [www.etnedalsparebank.no](http://www.etnedalsparebank.no)  
**Vang Sparebank** – tlf. 61367600 – [www.vang-spb.no](http://www.vang-spb.no)  
**Vestre Slidre Sparebank** – tlf. 61343600 – [www.slidrebanken.no](http://www.slidrebanken.no)  
**Øystre Slidre Sparebank** – tlf. 61340950 – [www.osbank.no](http://www.osbank.no)  
**Salgs kontor Fagernes** – tlf. 61366638 – [www.sparebankgruppa.no](http://www.sparebankgruppa.no)

## På sporet av kvinnelege førebilete i Folkemusikk-Valdres (VI)

### MARIT GRØV



*Song klokkereint*

«Kan hende den merkelegaste songaren eg råka på, var Marit Grøv. Ho stod endå i full kraft, hadde ei fin røyst, som ho hadde eit uvanleg herredøme over. Ho kunne stundom laga reine koloraturer, med faste steg, utan subb, klokkereint.» Dette skriv Erik Eggen, som reiste rundt i Valdres og samla folketonar somrane 1929–1931.

Syskenparet Marit og Jon Grøv frå Øye i Vang vart båe viktige kjelder for Eggen. Jon var fødd i 1864, Marit i 1874. Båe mista synet i vaksen alder.

Jon hadde ein liten eigedom han fekk kjøpt under farsgarden, og Marit stelte for han. Ho vart sjuk etter ei tid, «ulækjande sjuk som det såg ut til. Fleire operasjonar laut ho ta, men til slutt vart ho tilrådd å ta solbad. Og ved utrøyttelag å driva med det i fleire sumrar, fekk ho endeleg i 1915 att helsa. Ei stund etter tok Jon att farsgarden ved odelstakst. Når Marit ruslar i fjøset, er ho i godlag. Då syng ho so det ljomar. Og då veit du kyrne likar seg og gjev i bytta. Marit vart, som so mange andre i Øye, religiøst vekt ved emissær Solberg. Og ho har alle dagar sidan halde fast ved det ho då fekk, i glad tru på frelsaren sin. Ho lærde seg ei mengd songar utanåt av dei gamle, trugne haugianarar der uppe. Marit hadde eit klokkereint mål, og ho song både i sykn og helg, til hugnad og oppbygging. Dette, attåt ei varm kristentru, har kasta sol og lukke over arbeidet trass sjukdom og motgang.» Det skriv Eggen.

Også Sigurd Islandsmoen var innom Grøv-syskena, saman med Knut Hermundstad. Jon Grøv song inn ei vise for dei i 1934, men det gjekk femten år før dei kom seg ut på ein ny runde. Då var Jon død, men dei var hjå Marit, som song inn tre tonar. Ho var då 75 år gamal.

Marit var nok ein særstyt songar. Øystein Gaukstad viser korleis ein melodi av ein namngjeven komponist på kort tid kan bli ein folketone. Dømet er «Hellig-Aand, O Himmelslue», som Marit song for Erik Eggen i 1930. Melodien er ein mollvariant av Lindemans melodi til «Naar mit Øie, trær af Møie». Lindeman komponerte melodien i 1864, og Marit hadde vel høyrte han i kyrkja eller på oppbyggingsmøte. Etter kvart har ho sunge han om i moll og utstyrt han med forsiringar av same slag som me finn i andre oppteikningar etter henne. Taktarten er endra frå 4/4 til 6/8.

Gaukstad fortel vidare at ho song fleire Kingo-tonar for Eggen, mange tekstar frå Sveeboka og frå nyare tid, og fleire av tekstane finst mellom anna i «Den lille Sangbog» som kom i fleire utgåver på slutten av 1800-talet. Melodiane etter henne er uvanleg rikt utstyrte med melismar, «langt rikere enn Andris Vangs», seier Gaukstad. (Og lurar du på kva ein melisme er, så er det ifølgje Caplex «melodisk utsmykning bestående av flere toner som synges på en og samme stavelse».)

Øystein Gaukstad har teke med fjorten melodiar etter Marit Grøv i *Toner fra Valdres*, og åtte etter bror hennar.


Aud Søyland

Kjelder:

Øystein Gaukstad: *Toner fra Valdres*. Valdres bygdebok.

Caplex

# B



## Nyttige navn og nummer

Lag	Leiar/kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	E-post
Begjningsspel- og dansarlag	Trygve Bolstad	61 34 96 94 (p)	959 73 004	
Etnedal spel- og dansarlag	Ellen Wiborg Samnerud	61 12 11 94	959 01 967	
Valdreskvellen spel- og dansarlag	Ivar Hensing	61 36 74 02 (p)	481 28 610	hensing@c2i.net
Valdreslaget i Oslo	Elsabeth Bring	22 13 79 64 (p)		elsabeth.bring@c2i.net
V. Slidre folkemusikk- og danselag	Randi Før	61 34 42 10	915 77 695	randi.forer@online.no
Vårflammen spel- og dansarlag	Gunnar Kvaerne Amundsen		971 85 725	hjelleguten@hotmail.com
Øystre Slidre spel- og dansarlag	Sissel Dale Lie	61 34 12 45 (p)	905 92 240	sisd.lie@online.no
Valdres folkemusikklag	Alice Gudheim		971 81 545	alice.gudheim@hotmail.com
Låt o' Link, redaktør	Aud Søyland	61 36 25 56	990 37 584	aud.soyland@bhnert.no
VfI og JH-stemmet, dagleg leiar	Solveig Hårdnes	61 36 46 71 (a)	905 12 055	post@valdresfolkemusikklag.no
	???			info@hine.no
JH-stemmet, infoleiar			993 29 342	presse@hine.no
JH-stemmet, styreleiar	Karen Marie Kvåle Garthus	61 34 75 67 (p)	480 25 964	kna-kvaas@online.no
Strunkveko, dagleg leiar	Stian Roland		994 48 486	leiar@strunkveko.no
Strunkveko, styreleiar	Eli Mari Fuglesteig		986 23 123	elmafugl@online.no
Vallag i tradisjonslans	Stian Roland		907 22 690	rolandstian@hotmail.com
Valdres folkemusikkarkiv	Elsabeth Kvaerne	61 35 99 32 (a)	900 45 834	elsabeth.kvaerne@valdres.museum.no
Instrumentverkstaden	Knut Ophneibakken	61 35 99 30 (a)		
	Oddrun Hegge	61 35 99 30 (a)		
LFS	Randi Skeie	61 26 10 42 (p)	995 22 538	randi.skeie@folkemusikk.com
LFS, dagleg leiar	Magnar Sundt	22 42 45 30 (a)	950 85 647	Hs@folkemusikk.no
Spelermannsbladet	Knut Aastad Bråten		907 68 797	spelermannsbladet@folkemusikk.no

RETURADRESSE:

VALDRES FOLKEMUSIKKLAG, TYINVEGEN 27, 2900 FAGERNES